

---

**Saksnr:** 2020/59995-6  
**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		16.09.2020

## Fråsegn til søknad om utsett frist for idriftsetting og forlenging av konsesjon for Guleslettene vindkraftverk i Kinn og Bremanger Kommunar

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune har ikkje motsegner til at fristen for idriftsetting av Guleslettene vindkraftverk vert utsett frå 31.12.2020 til 31.12.2021.
2. Vestland fylkeskommune rår til at søknad om forlenging av konsesjonen for Guleslettene vindkraftverk ikkje vurderast no sidan konsekvensane av drifta ikkje er tilstrekkeleg kartlagde endå. Eventuell handsaming av ein slik søknad må koma etter at konklusjonen frå etterundersøkingar ligg føre.

Samandrag

Zephyr AS søker om å få forlenga konsesjonsperioden for vindkraftverket frå 25 til 30 år, gjeldande til 31.12.2051. Vidare søker selskapet om å få utsett frist for idriftsetting med eitt år, frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Fylkeskommunen oppmodar til å ta omsyn til innstillingar frå dei råka kommunane. Me rår til at søknaden om utvida konsesjon ikkje handsamast no grunna manglande kunnskapsgrunnlag. Fylkeskommunen har ikkje motsegner til at fristen for idriftsetting utsettast. Om fristen for idriftsetting utsettast må det klart føresetjast at driftsperioden for anlegget ikkje aukast.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Sølve Sundbø  
Seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Guleslettene vindkraftverk fekk tildelt konsesjon 02.02.2017 og er under bygging. Kraftverket skal etter planen setjast i drift oktober 2020. Zephyr AS søker no om å få forlenga konsesjonsperioden for vindkraftverket frå 25 til 30 år, gjeldande til 31.12.2051. Dette er grunngeve i lengre venta levetid for turbinane, og eit ynskje om å leggja til rette for ein drifts- og vedlikehaldsplan med eit langsiktig perspektiv. Vidare søker selskapet om å få utsett frist for idriftsetting med eitt år, frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Dette grunna moglege forseinkingar knytt til koronautbrotet.

Det kom fram i konsesjonsprosessen for anlegget at kunnskapsgrunnlaget om fugletrekk ved Guleslettene var mangelfullt, og ikkje i tråd med krav i naturmangfaldlova. Olje- og energidepartementet (OED) stilte difor krav om trekkfuglundersøkingar, som vart følgd opp med bruk av fugleradar hausten 2018 og våren 2019.

Desse undersøkingane viste tydeleg at det går omfattande fugletrekk gjennom området. I si endelege avgjerd om saka skriv OED i brev av 11.11.2019 at «forundersøkelsene konkluderer med at det er stor trekkfuglaktivitet rundt og i planområdet for Guleslettene vindkraftverk, og at det er påvist trekkruiter igjennom planområdet». OED skriv vidare at «departementet legger til grunn at det fortsatt er usikkerhet om vindturbiners konsekvenser for fugletrekk, og hvordan fugletrekk vil påvirkes av vindkraftverket». Sjølv om OED legg til grunn at «det er påvist trekkende fugl i et slikt omfang og en slik høyde at det foreligger fare for kollisjoner med vindturbiner», meiner departementet at det bør gjennomførast etterundersøkingar basert på fugleradar for å kunne seie noko om det faktiske konfliktpotensialet. Ut frå dette er det laga opplegg for etterundersøkingar basert på fugleradar og hundesøk etter kollisjonsdrepane fuglar for å få oversikt over innverknaden Guleslettene vindkraftverk får på fugletrekket, og korleis dette eventuelt kan avbøtast med tiltak.

Fylkesmannen i vestland seier i sitt fråsegn til høyringa at søknaden om forlenging av konsesjonen for Guleslettene vindkraftverk ikkje bør vurderast no. Fyrst etter at resultatane frå etterundersøkingane av verknader på fugletrekk ligge føre kan ein slik søknad vurderast. På den måten kan ein kartleggja behovet for avbøtande tiltak og finna ut om det let seg gjennomføra. Behovet for forlenging av fristen for idriftsetting er ikkje konkret grunngeve.

Kinn kommune skal ta stilling til denne høyringa i politiske møte 1. og 15. september. Administrasjonen i kommunen seier i si innstilling at kommunen ikkje har motsegner til utsetting av frist for oppstart, medan dei stiller seg negativt til utvida konsesjon.

Bremanger kommune antydar administrativt at dei ikkje har store motsegner til søknaden om utsetting av frist for idriftsetting, og heller ikkje til utviding av konsesjonen til 30 år. Saka er ikkje handsama politisk i kommunen på dette tidspunktet.

### Vedtakskompetanse

Avgjersmynde ligg hjå Hovudutval for næring.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Forlenga konsesjonstid kan betra økonomien i vindkraftverket sidan driftstida truleg vert meir i tråd med venta levetid til turbinane, og kraftverket kan produsera meir kraft. Naudsynte avbøtande tiltak kan likevel koma med kostnader. Dette er ikkje avklart endå.

**Klima:** Kraftverket produserer rein energi. I klimasamanheng er det truleg betre at vindturbinar får stå å produsera ut si venta levetid.

**Folkehelse:** Utsetting av idriftsetting vil ikkje ha konsekvensar for folkehelse.

**Regional planstrategi:** Regional plan for vindkraft, vedteke av fylkestinget i gamle Sogn og Fjordane 08.06.2011, og Klimaplan for Hordaland 2014-2030, vedteke 11.06.2014.

Det er viktig for fylkeskommunen at alle vurderingar i handsaming av vindkraftsaker tek omsyn til innstillingar frå dei råka kommunane.

Me ser at det kan vera samfunnsøkonomisk heldig at turbinane for stå ut venta levetid og ikkje vert demonterte medan dei endå er i god stand og produserer godt. Me er likevel skeptiske til å ta ei stilling til dette no sidan konsekvensane av drifta ikkje er tilstrekkeleg kartlagde endå. Etter fylkeskommunen sitt skjønn ligg det difor ikkje føre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag no for at det er mogeleg å gjera ei god vurdering på om konsesjonen skal utvidast med 5 år. Fylkeskommunen rår til at søknaden om utvida konsesjon ikkje vert handsama no. Ev. handsaming av ein slik søknad må koma etter at konklusjonen frå etterundersøkingar ligg føre.

Det er òg søkt om utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket med eitt år frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Dette er grunngjeve med forseinkingar knytt til koronautbrotet. Fylkeskommunen har ingen innvendingar til at fristen for idriftsetting vert utsett.

#### Konklusjon

Det er viktig for fylkeskommunen at alle vurderingar i handsaming av vindkraftsaker tek omsyn til innstillingar frå dei råka kommunane.

Fylkeskommunen rår til at søknaden om utvida konsesjon ikkje vert handsama no. Ev. handsaming av ein slik søknad må koma etter at konklusjonen frå etterundersøkingar ligg føre.

Fylkeskommunen har ikkje motsegner til at fristen for idriftsetting vert utsett. Om fristen for idriftsetting utsettast må det klart føresetjast at driftsperioden for anlegget ikkje skal aukast.